SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
050/19	Formannskapet	PS	05.06.2019
002/19	Valnemnd	PS	03.06.2019

Saksbehandlar		ArkivsakID
Bente Skjerping		19/1127

Generalforsamlingar i kommunaleigde selskap - førebuing av sakene

Vedlegg:

Innkalling til generalforsamling i Osterøy Utvikling 11. juni kl. 15
Innkalling og saksliste til generalforsamling i Osterøy Utvikling 2018
2018_Årsmelding komplett med regnskaper_OsterøyUtviklingAS
Redgjørelse for avtale med selskapets aksjeeier_salg Rambergsbrekka 16_2018
Redgjørelse uttalelse fra revisor_Deloitte_Opdal Bjorn Lyse_24-05-2019
Kjøpekontrakt Rambergsbrekka 6_underskrevet
Årsregnskap 2018 signert Osterøy Aktiv AS
Årsmelding 2018 signert Osterøy Aktiv AS
vedtekter 2008_GYLDIG - Osterøy Aktiv AS
Eigarskapsmelding 2016
Ref.gen.18.signert Osterøy Aktiv AS
Eigarskapsmelding
Vedtekter Opro AS
SV: saker til generalforsamlinga Opro AS
Årsrekneskap og balanse med noter 2018 Opro AS
Signert innkalling til generalforsamling Opro AS
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer ikkje framlegg.

Formannskapet - 050/19

FS - behandling:

Gildskapsvurdering
Kjersti Vevatne, V, bad om gildskapsvurdering for styremedlemmer/varamedlemmer i Osterøy Utvikling AS, Rita Tveiten, AP, Johannes Bysheim, AP og Jon Blichfeldt, MDG - dei tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Jørgen Varden, AP, møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.
AVRØYSTING - gildskap
Dei vart kjende gilde med 5 røyster (1KRF,2FRP,1AP,1SP,) mot 2 røyster (1V,1H).
Formannskapet vurderte at selskapet ikkje er part i saka når formannskapet som eigar skal innstilla til val av styre, og Fvl. § 6, bokstav e, nr. 2 trer difor ikkje inn, jfr. og kommunelova § 40, nr. 3 a.

Rita Tveiten og Johannes Bysheim, begge AP og Jon F. Blichfeldt, MDG, kom tilbake til møtet - Jørgen

Varden, AP, gjekk frå møtet - 9 medlemmer til stades.

Kjersti Vevatne, V, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett. Det vert halde nytt møte i valnemnda med formål å søke representasjon i kommunale selskap som er mindre politisk og meir fagleg. Valnemda si innstilling til nye medlemmer skal vere grunngjeve for kvart medlem. Valnemnda skal innstille til eit ekstraordinært møte i Formannskapet før neste møte i Heradsstyret den 19. juni."

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett til neste møte."

AVRØYSTING - utsetjing

Utsetjingsframlegget - vedteke med 5 røyster (2FRP,1V,1MDEG,1H) mot 4 røyster (2AP,1SP,1KRF)

Kjersti Vevatne sitt framlegg - fall med 6 røyster(1KRF,2FRP,2AP,1SP) mot 3 røyster (1V, 1H, 1MDG)

Ny handsaming av saka

I slutten av møtet vedtok Formannskapet med 6 røyster(1KRF,2FRP,2AP,1SP) mot 2 røyster(1H,1V) å ta saka opp til ny handsaming.

Osterøy Utvikling AS

Berit M. Borge, H, gjorde på vegner av valnemnda slikt framlegg: Medlem Ragnar J. Tyssebotn, attval med vara Sigmund Faugstad, attval. Medlem Jørgen M. Sandal, attval med vara Frode Flesland, attval. Vara for Rita Tveiten, Kari Aakre Høgli, ny.

Kjersti Vevatne, V, gjorde slikt framlegg: Kari Aakre Høgli, medlem, ny. Ragnar J. Tyssebotn, går ut.

Johannes Bysheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Vedtektene i Osterøy Utvikling AS og Osterøy Aktiv AS vert endra slik at personleg vara utgår. I staden vert det vald 3 vara i prioritert rekkjefølgje."

AVRØYSTING

Valnemnda sitt framlegg - 5 røyster (2FRP,2AP,1SP)
Kjersti Vevatne sitt framlegg - 3 røyster (1V,1KRF,1H)
Johannes Bysheim sitt framlegg - samrøystes
Varamedlemmer:
1. Kari Aakre Høgli 2. Sigmund Faugstad 3. Frode Flesland

Osterøy Aktiv AS

Berit M. Borge, H, gjorde på vegner av valnemnda slikt framlegg: Medlem Robert Eikeland, attval. Vara Nina B. Nyheim - attval

Kjersti Vevatne, V, gjorde slikt framlegg: 1. vara: Jarle Vik - ny

Rita Tveiten, AP, gjorde slikt framlegg: 3. vara: Terje Nymoen - ny

AVRØYSTING
Medlemmer
Valnemnda sitt framlegg - samrøystes
Varamedlemmer - samrøystes

Opro AS

Berit M. Borge, H, gjorde på vegner av valnemnda slikt framlegg: Medlem: Kristin Margret Sigurdadottir - ny, Jorunn S. Holsen - attval, Eldbjørg R. Hølleland - attval.
Varamedlemmer: Tone Mosevoll, ny, Einar Skjerping - attval

AVRØYSTING
Framlegga vart samrøystes vedtekne

FS - vedtak:
Formannskapet har etter dette tilrådd slike val:

Osterøy utvikling AS:
Medlemmer: Ragnar J. Tyssebotn - attval, Jørgen M. Sandal - attval
varamedlemmer: 1. Kari Aakre Høgli 2. Sigmund Faugstad 3. Frode Flesland
Leiar Rita Tveiten, attval. Nestleiar Veronica Ahmer - attval

Osterøy Aktiv AS:
Medlem: Robert Eikeland - attva
Varamedlemmer: 1. Jarle Vik - ny, 2. Nina B. Nyheim - attval 3. Terje Nymoen - ny
Leiar Hjalti H. Gislason, attval - nestleiar Robert Eikeland, attval

Opro AS:
Medlemmer: Eldbjørg R. Hølleland - attval, Jorunn S. Holsen - attval, Margret Kristin Sigurdardottir - ny.
Varamedlemmer: Tone Mosevoll - ny, Einar Skjerping - attval.

Vedtektene i Osterøy Utvikling AS og Osterøy Aktiv AS vert endra slik at personleg vara utgår. I staden vert det vald 3 vara i prioritert rekkjefølgje."

Saksopplysningar:
Saksopplysningar:

Bakgrunn
Det skal haldast generalforsamling i dei kommunale aksjeselskapa. Ordføraren representerer kommunen/eigar i generalforsamlinga etter at formannskapet har hatt sakene til handsaming.

For sakhandsaminga i formannskapet gjeld kommunelova sine reglar og gjeldande reglement.

For val av styremedlemmer viser ein til kommunelova § 80a om krav til representasjon for begge kjønn.

Rådmannen viser og til heradsstyret si handsaming av eigarskapsmeldinga for kommunale selskap, H-

sak 007/16.

På val

Osterøy Utvikling AS

Ragnar J. Tyssebotn, medlem med vara Sigmund Faugstad

Jørgen M. Sandal, medlem med vara Frode Flesland

Jon Flydal Blichfeldt, vara for Rita Tveiten

Leiar og nestleiar

Ikkje på val

Veronica Ahmer, nestleiar med vara Ingemar Tepstad

Johannes Bysheim, medlem med vara Åshild Rød

Osterøy Aktiv AS

På val

Robert Eikeland, nestleiar

Nina B. Nyheim, varamedlem

Leiar og nestleiar

Ikkje på val

Hjalti H. Gislason, leiar

Elin Bergan, medlem

Opro AS

På val

Astrid Bernes Hanstvedt, nestleiar

Eldbjørg Ryste Hølleland, medlem

Jorunn S. Holsen, medlem

Leiar og nestleiar

Oversikt over varamedlemmer på val er ikkje motteke.

Ikkje på val

Johannes Bysheim, leiar

Ragnar J. Tyssebotn, medlem

Etter vedtektene skal det vera tre varamedlemmer og minst ein av varamedlemmene står på val kvart år.

Innkallingar med vedlegg ligg ved.

Vurdering
Rådmannen har ikkje merknader til saka.

Folkehelse – ikkje vurdert
Miljø – ikkje vurdert
Økonomi – ikkje vurdert

Konklusjon
Saka vert lagt fram for formannskapet til vurdering og tilråding.